

Utlysing av stilling som dagleg leiar:

Kvam idrettslag er i sterk utvikling både sportsleg, anleggsmessig og organisasjonsmessig. Laget har eigne anlegg med klubbhus lokalisert i Kvam idrettspark og har ca. 700 medlemmer. Av desse er det ca. 250 som er aktive innan fotball, langrenn og handball. Vi driv også med allidrett og turorientering. Idrettslaget med sine anlegg og aktivitetar, er ein stor, viktig og samlande møteplass i bygda.

Organisasjonen i idrettslaget spenner frå breidde til satsing for å nå eit høgare nivå, og er basert på dugnad og frivillig arbeid. For å utvikle idrettslaget vidare vurderer vi å tilsetja

DAGLEG LEIAR I FULL STILLING

Dagleg leiar vil bli sentral i arbeidet med å vidareutvikle organisasjonen i heile idrettslaget, i å profesjonalisere drifta, koordinere det frivillige arbeidet i laget og leggje grunnlaget for vidare vekst og utvikling.

Av sentrale oppgaver kan nemnast:

- Planlegge, koordinere og gjennomføre administrative oppgaver
- Dagleg økonomistyring
- Styrking av organisasjonen og tilrettelegging for fortsatt stor dugnadsinnsats
- Koordinere utviklingsarbeidet i heile idrettslaget
- Kontakt med samarbeidspartar, Oppland idrettskrets, IØFK, Oppland Skikrets, Oppland Håndballkrets, lokale klubbar og lokale styresmakter
- Bistå med utviklingstiltak knytt til aktivitetar og arrangement

Vi søker etter ein person som har:

- God utdanning, gjerne på høgskulenivå eller tilsvarande
- Relevant administrativ erfaring
- Erfaring frå deltaking i idrettsorganisasjon (klubb, krets eller forbund)
- Erfaring frå deltaking i utviklingsprosessar
- Gode evner til å motivere andre

Vi vil legge vekt på at du er strukturert, kreativ, har gode samarbeidsevner og har evne til å leie både personar og prosessar. Du må vera resultatorientert, initiativrik og kunne arbeide sjølvstendig. Dagleg leiar rapporterer til styret.

Vi ønskjer velkomen til ein medarbeidar som passer inn i eit aktivt, uformelt og trivleg idrettsmiljø. Arbeidsplassen har utgangspunkt i klubbhuset i Kvam. Noko reiseverksemd må påreknast. Det må også påreknast noko kvelds- og helgearbeid.

Løn og vilkår etter avtale.

Meir informasjon om Kvam idrettslag er å finne på laget si heimeside: www.kvamil.no

Nærare opplysingar om stillinga kan ein få ved å ta kontakt med styret sin leiar, Olav Røssum, på tlf. 48 00 34 13. Alle spørsmål og søknader vil bli behandla konfidensielt.

Kortfatta søknad med CV kan sendast til Olav Røssum, 2642 Kvam, epostadresse: olavroes@bbnett.no

Attester og referanser vil vi eventuelt be om seinare i tilsetjingsprosessen.

Søknadsfrist 14. mars.